

Plan for ferdigstilling av Stemmavegen, g.nr. 25. b. nr. 11 og 16

Om vegen:

Stemmavegen vart bygt i 2016/2017 som landbruksveg klasse 3. Vegen er i dag 160 meter medrekna snuplass utforma som rundkøyring. I tillegg er det bygt velteplasser. Over Stemmavegen er det tatt ut om lag 1000 m³ tømmer i 2016/2017. Veg og velteplass fungerte særst godt for tømmerdrifta. Utkøyring av tømmer føregjekk fram til hausten 2017.



Ferdigstilling av vegen:

Etter tømmerdrifta er vegen reingjort for jord og slam.

Det står att å justere vegkroppen etter vegnormalen for landbruksveg og leggje på grus/slitelag. Justeringa omfattar alt vesentleg veggrøfter etter tabellen nedanfor. Pel nr. går frå avkøyringa ved den tidlegare gardsvegen til bruket:

Etablering/justering av veggrøft, utførast veke 49/50 2017:

| Frå pel nr. | Til pel nr. | side |
|-------------|-------------|-----------------------|
| 0 | 60 | venstre |
| 0 | 20 | høgre |
| 25 | 35 | høgre |
| 50 | 65 | høgre |
| 70 | 85 | venstre |
| 70 | 160 | Innside i rundkøyring |
| 120 | 145 | høgre |

Vegen er bygt med masseutskifting til fast fjell av reine og opne/drenerande sprengsteinsmassar. Underbygning er av grov stein og forsterkningslag og bærelag av utsortert sprengstein. Det er avgrensa nedslagsfelt med tilsig til vegområdet, men det vert vurdert trong for stikkrenner under arbeidet, og spesielt ved avkøyringa frå den gamle gardsvegen.

Tilføring og utlegging av grus/slitelag er ynskjeleg å utføra samla for heile veganlegget i samband med lenging av Stemmavegen, som vert oppstarta i desember 2017, med atterhald om godkjenning frå Meland kommune. Som grus/slitelag er planlagt nytta velgradert og godt drenerande grus med kornstørrelse 0-32 mm.

Lenging av Stemmavegen

I samband med søknad om lenging av Stemmavegen vert denne planen for ferdigstilling av del 1 ettersendt som eit vedlegg til søknaden. Når vegen no vert ferdigstillt skal den vere eit fint veganlegg som dekker dei føremål som er søkt om på ein god måte.

Fosse 02.12.2017

Terje Drengenes